

Finansreglement

Vedtekte i Time kommunestyre 19.02.25



Trygg og framtidretta
time.kommune.no



Time kommune

FINANSREGLEMENT FOR TIME KOMMUNE

1. FINANSREGLEMENTETS VERKEOMRÅDE

1.1. Føremål

Føremålet med finansreglementet er å gi rammer og retningslinjer for Time kommunes finans- og gjeldsforvaltning.

Reglementet gjev ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld for kommunen sin finans- og gjeldsforvaltning for å sikre ei forsvarleg økonomiforvaltning. Tilhøyrande fullmakter, instruksar og/eller rutinar skal vere heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar rekna til driftsføremål, opptak av lån og gjeldsforvaltning, og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva

2. GJELDANDE LOVER OG REGLAR

Finansreglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- [Lov om kommuner og fylkeskommuner av 01.01.2020, §14-13](#)
- [Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner](#)

Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for kommunen si finansforvaltning. Reglementet trer i kraft frå vedtaksdato.

3. FORVALTNING OG FORVALTNINGSTYPAR

Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet
- Midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont
- Rammer og avgrensingar som gjeld forvaltning av gjeld

4. GENERELLE RAMMAR OG BEGRENSSINGAR FOR FINANSFORVALTNINGA

4.1. Målsettingar

Målsettinga med forvaltninga er:

- Bidra til best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane i Time på kort og lang sikt
- Forvalte ledig likvide middel slik at dei gjer best mogleg avkastning
- Hindre vesentlege endringar i kommunens tenestetilbod som følgje av endringar i finansmarknadane

4.2. Rammer for reglementet

Reglementet inneheld reglar som hindrar kommunen frå å ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga si som:

- Balanse mellom avkastning, risiko og likviditet.
- Samsvar mellom kompleksiteten i investeringsprodukta og kommunen sin eigen kunnskap om finansforvaltning

4.3. Etisk forvaltning

For å unngå investeringar i selskap med uakseptabel etisk profil skal kommunen følgja ekskluderingslista til Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland (SPU). Dei etiske retningslinjene blir rekna som representative for god norsk forvaltningsskikk. Avvik frå ekskluderingslista skal ha særskilt og tungtvegande grunngiving, til dømes annan

rettferdiggjørende informasjon, særleg positiv utvikling eller eksplisitte unntak frå konkrete kriterium for produktbaserte eller atferdsbasert utestenging.

5. MIDDEL SOM VERT FORVALTA MED LÅG RISIKO OG HØG LIKVIDITET (KORTSIKTIG LIKVIDITET)

5.1. Definisjon

Kommunens likvide middel er inneståande middel på kommunens bankkonti og plasseringar i samsvar med punkt 4.

Ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål, utover det som trengst til dekning av kommunen sine løpande forpliktingar dei næraste 3 månader (oppdatert likviditetsprognose), kan plasserast etter retningslinjer i pkt. 5.4.

5.2. Føremål

Føremålet med forvaltninga er å sikra ei god avkastning med låg risiko og god likviditet.

Forventa avkastninga må minimum være det same eller betre enn vilkåra i til ein kvar tid gjeldande bankavtale.

5.3. Plasseringsalternativ

Midla vert i hovudsak plassert som innskott i bankavtale.

Alternative plasseringar kan brukast dersom formålet er:

- a. Risikospreiing
 - a. Bankinnskott i andre bankar.
 - b. Pengemarknadsfond og obligasjonsfond.
- b. Høgare avkastning enn målsettinga
 - a. Bankinnskott i andre bankar, inkl. tidsinnskott.
 - b. Pengemarknadsfond og obligasjonsfond.

5.4. Avgrensingar

Plassering skal være slik at kommunen alltid har likvide middel inkludert trekkrettigheter til å dekke forventa forpliktinger.

- a. Bank
 - a. Tidsinnskott og rentevilkåra kan bindast i inntil 12 månader.
 - b. Maksimal plassering i tidsinnskott skal ikkje være større enn 2 % av bankens forvaltningskapital.
 - c. Bankinnskott gjerast i norske bankar med minimumsrating BBB.
- b. Rentefond
 - a. Pengemarknadsfond m/lav risiko, pengemarknadsfond og obligasjonsfond 0-2 klassifisert av verdipapirfondas foreining.
 - b. Durasjon på inntil 12 månader.
 - c. Maksimale plasseringar i enkeltfond er 10 millionar kroner.
 - d. Fonda skal være forvalta av forvaltar som tilfredsstillar krava under pkt. 5.
 - e. Fonda skal ikkje ha valutarisiko.

6. MIDDEL SOM VERT FORVALTA MED LANG TIDSHORISONT (LANGSIKTIGE FINANSIELLE AKTIVA)

6.1. Definisjon

- a. Langsiktige finansielle aktiva er den delen av kommunen sine finansielle eigendelar som i høve til føreliggande prognoser, budsjett og planar, ikkje skal nyttast i komande 4-års periode.
- b. Porteføljen er første år 18 millionar kroner. Maksimal plassering av langsiktige aktiva er 50 millionar kroner.
- c. Størrelsen på porteføljen for komande år vurderast av kommunedirektøren når kommunestyret har vedteke budsjett og økonomiplanen. Endring og tilpassing rapporterast i finansrapport.

6.2. Føremål

Midla investerast i verdipapirmarknaden med føremål om ei høgast mogleg risikojustert avkastning over tid. Forventa avkastninga må minimum være 0,6 prosentpoeng over vilkåra i til ein kvar tid gjeldande bankavtale for å bli flytta over i porteføljen for langsiktige finansielle aktiva.

6.3. Porteføljesamansetning

Midla skal plasserast i fond i rente- og aksjemarknaden som følgjer:

Investeringar	Maksimalt	Normalt	Avkastnings referansar
Aksjefond	100-75%	75-50 %	OSEBX
Obligasjons- og rentefond	75-50 %	25-50 %	BARCAP GLOBAL
Bankinnskot	100 %	0 %	Vilkår i bankavtale

6.4. Kredittrisiko

Obligasjonsfonda skal ha investeringsmandat innanfor følgjande ramme:

Obligasjons- og rentefond			
Rating	Maksimalt	Normal	Minimum
AAA – A	100 %	0 %	0 %
BBB – BBB-	100 %	70 %	0 %
BB+ – B-	70 %	30 %	0 %

6.5. Forvaltning av fonda

- a. Plasseringar skal gjerast i fond forvalta av store anerkjende og erfarne forvaltningsmiljø i Norge. Forvaltningsmiljøa som vert brukt vert vurdert og avgrensa i tal.
- b. Forvaltninga skal i hovudsak skje i gjennom indeksfond med god spreining i aktuelle marknader, og med låge forvaltningskostnader.
- c. Verdipapirfonda skal tilfredsstilla følgjande:
 - a. Investeringane skal i hovudsak bestå av likvide børsnoterte papir.
 - b. Enkeltelskap i fondet bør ikkje utgjere meir enn 5%.
 - c. Investeringane skal ikkje være trading-orienterte.
 - d. Forvaltningsmiljøa skal vurderast ut frå kompetanse, resultat og med vekt på historisk gode nøkkeltal.

6.6. Kursreguleringsfond

Det skal etablerast eit kursreguleringsfond på inntil 5 millionar kroner for å møte risikoen for mogleg tap i form av kurssvingingar. Fondet skal vere på eit nivå som dekker moglege tap i samsvar med stresstesten, jf. pkt. 11.

Realiserte gevinstar blir avsette til kursreguleringsfondet dersom fondet er mindre enn det potensielle tapet som kjem fram i stresstesten. Urealiserte kursgevinstar blir avsette til kursreguleringsfondet og urealiserte tap blir belasta fondet. Strykingsreglane i rekneskapsforskrifta kan forhindra avsetning til fondet. Dersom storleiken på kursreguleringsfondet er mindre enn tapet som kjem fram i stresstesten per 31. desember, og det ikkje ligg føre tilstrekkelege urealiserte eller realiserte gevinstar på dette tidspunktet, skal andre middel vurdert avsett til fondet i samband med kommunestyresak om årsoppgjær, slik at fondet minimum utgjær det tapet som kjem fram i stresstesten.

7. GJELDSPORTEFØLJEN OG ØVRIGE FINANSIERINGSAVTALAR

7.1. Rentebinding

- a. Renterisikoen blir vurdert fortløpende på netto renteutsatt balanse. I netto renteutsatt balanse reknast:
 - a. Langsiktig renteberande lånegjeld til finansinstitusjonar og finansmarknaden.
 - b. Ansvarleg utlån
 - c. Utlån knytte til husbanken sine ordningar (startlån, etableringslån m.m.).
 - d. Rentekompenserande verdi av rentekompensasjonsordningar.
 - e. Likviditet og plasseringar.
 - f. Andre forhold med dokumentert renterisiko.

Rentebinding	Ramme
Rentebindingstid enkeltbindingar	1 – 10 år
Vekta rentebindingstid netto renteutsett balanse	1 – 5 år

For å oppnå ønsket renteeksponering, kan kommunen ta opp lån med fastrente, eller ta i bruk rentesikringsinstrument som framtidige renteavtalar (FRA) og rentebyteavtalar (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast for å endra renteeksponeringa for kommunens lånegjeld. Det skal berre nyttast større bankar med brei dokumentert erfaring innanfor finansielle derivat som motpart ved slike kontraktar. Formålet med kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontrakten skal knyttes til underliggjande lån eller låneportefølje.

Gjeldsporteføljen kan delast i ein del som er renteeksponert og ein del som er tilnærma upåverka av endringar i rentenivået. Den delen som er tilnærma upåverka av endringar i rentenivået vil motsvarast av tilsvarende auka inntekter (auka gebyrinntekter, auka rentekompensasjon eller auka renteinntekter på utlån). Den (netto) renteeksponerte delen av den langsiktige gjelda til kommunen har i 2019-2023 lege på mellom 50 %-60 % (Kostra-tal). Den totale låneporteføljen skal dermed ha ein fastrentedel på minimum 15 % og maksimum 50 % (lån med rentebinding 1 år fram i tid og over).

7.2. Samansetting av låneportefølje

- a. Låneporteføljen skal bestå av lån med avdrag, rammelån, lån uten avdrag, sertifikat- og obligasjonslån. I tillegg kjem lån i Husbanken og andre lån til særskilde føremål.
- b. Gjennomsnittleg bindingstid på låneporteføljen skal vera 1-5 år.
- c. Gjennomsnittleg vekta løpetid på låna (tid til forfall) bør vere over 1 år for å redusere refinansieringsrisikoen, og for å regulere storleiken på lånegjeld som kjem til forfall
- d. Lån som forfell og som skal innløysast innan ein periode på 12 månader bør ikkje overstige meir enn 40 % av total gjeldsportefølje.

7.3. Rutinar for opptak av lånegjeld

- a. Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedtatt investeringsbudsjett, antatt framtidig renteutvikling og generelle marknadstilhøve.
- b. Låneopptaket skal gjennomførast med sikte på oppnå dei beste vilkåra vurdert ut frå låneporteføljen sin samansetning.
- c. Det skal innhentast konkurrerende tilbod. Prinsippet kan fråvikast ved:
 - a. Låneopptak i statsbank – t.d. START-lån i Husbanken.
 - b. Dersom marknadstilhøva syner at det ikkje er fleire aktuelle tilbydarar, eller aktuelt produkt ikkje blir tilbode av fleire.
 - c. Når det er inngått rammeavtale eller liknande.
- d) Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- e) Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån), likevel samla avgrensa mot låneavdrag tilsvarande minimumsavdraget
- f) Ein kan legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden og desse kan børsnoterast

7.4. Bruk av kortsiktig trekkrett

Kommunedirektøren har fullmakt til å nytte kortsiktig trekkrett på maksimalt 50 millionar koner (kassakreditt), som ein del av i hovudbankavtalen.

8. FULLMAKTER

Innafor dei retningslinjene som følgjer av dette reglementet vert kommunedirektøren gjeve følgjande fullmakter:

8.1. Låneopptak

- a. Gjennomføre opptak av lån etter lovleg fatta vedtak i kommunestyret.
- b. Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån.
- c. Godkjenne låneinstitusjon og rentevilkår, og underskrive lånepapir på nye og refinansierte lån samt derivat.
- d. I kommunedirektøren sitt fråvær skriv fungerande kommunedirektør under på lånedokumenta
- e. Kommunedirektøren kan delegere fullmakter til å avtale vilkår på e-post.

8.2. Plassering av ledig likviditet

- a. Velje finansinstitusjon.
- b. Forhandle og velje plasseringsvilkår.
- c. Velje samansetning av plasseringa.
- d. Kommunedirektøren kan delegere desse fullmaktene.

8.3. Plassering av langsiktige finansiell aktiva

- a. Velje rådgjevar/forvaltar.
- b. Velje investeringsobjekt.
- c. Forhandle og velje plasseringsvilkår.
- d. Velje samansetninga av plasseringa.
- e. Kommunedirektøren kan delegere desse fullmaktene.

8.4. Utlån av Husbankmiddel (START-lån)

Låne ut husbankmiddel i samsvar med vedtatt låneramme. Dette inneber m.a.:

- a. Foreta kredittvurdering av lånesøkjjarar.
- b. Behandling av lånesøknad vert gjort av saksbehandlar i samråd med kommunedirektøren, eller den person kommunedirektøren utpeikar. Representant frå NAV/gjeldsrådgjevar vert trekt inn ved behov.
- c. Handle i tråd med retningslinjer gitt i Husbanken og av Time kommunestyre.

8.5. Delegering

Det delegerast til kommunedirektøren å utøve forvaltninga av kommunen sine finansielle middel.

- a. Utarbeida og ajourholde administrative rutinar som sørgjer for at finansforvaltninga vert gjort i tråd med gjeldande lover og forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner, og at finansforvaltninga er gjenstand for tilstrekkeleg kontroll.
- b. Sørgje for ajourførte og tilstrekkelege instruksar og fullmakter for tilsette som arbeidar med finansforvaltninga.
- c. Kommunedirektøren, eller dei kommunedirektøren utpeikar, utøver finansforvaltninga på vegne av kommunestyret. Kommunedirektøren utarbeider fullmakter.
- d. Det kan hentast inn ekstern bistand dersom kommunedirektøren vurderer det som nødvendig

9. AVVIK

Når det vert konstatert avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik lukkast så raskt som mogleg ut frå ei vurdering av økonomisk risiko og tap. Avviket slik det har verka, og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket, skal rapporterast ved neste ordinære finansrapportering, saman med forslag til rutineendringar som vil redusere sjansane for slikt avvik i framtida.

Dersom avviket er så stort at det medfører vesentlig finansiell risiko for kommunen, så må kommunen endre rammene i finansreglementet, jf. kommunelova § 14-13. Ved bruk av ekstern forvaltar er denne pliktig til å rapportere umiddelbart om slike avvik oppstår.

10. SÆRSKILDE OMRÅDE

- a. Lyse AS: Kommunestyret forvaltar sjølv eigarskapet i selskapet i samsvar med vedteken eigarstrategi.
- b. Pensjonsmiddel: Forvaltning av pensjonsmiddel er ikkje underlagt forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner, men inngår i den samla vurderinga av kommunens finansielle risiko så langt det er praktisk mogleg.

11. RAPPORTERINGSRUTINAR

Kommunedirektøren skal i samband med tertialrapporteringa legge fram rapport for kommunestyret som viser status for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. I tillegg skal kommunedirektøren i årsrapporten legge fram en rapport for kommunestyret som viser status og utviklinga gjennom året.

Rapportane om finans- og gjeldsforvaltninga skal innehalda beskriving og vurdering av:

- Samansetninga av aktiva og passiva
- Marknadsverdi, samla og fordelt på dei ulike typane av aktiva og passiva
- Løpetid på passiva og plasseringar
- Vesentlege marknadsendringar
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet
- Endringar i risikoeksponering
- Marknadsrenter og eigne rentevilkår

Foreta ein stresstest som viser kommunen sin samla risiko ved 3 % auke i rentekurva og 30 % kursfall endring i aksjemarknaden.

Vedlegg – utvalde finansielle ord og uttrykk

Aksje

Eigardel i aksjeselskap. Aksjeeigarane er ikkje personleg ansvarlege for forpliktingane til selskapet. Alle aksjar (av same klasse) gir lik rett i selskapet. Gjennom generalforsamlinga utøver aksjeeigarane den øvste mynde i aksjeselskapet.

Aksjefond

Eit aksjefond investerer vesentleg i aksjar. Avkastninga i eit aksjefond består i hovudsak av kursgevinstar (eller kurstap), då det ikkje er ei løpande rente i slike fond. Utbytter som selskapa betaler til aksjonærane vil falla til andelseigarane i eit aksjefond og inngå i avkastninga. Aksjefond som ikkje betaler utbytte til andelseigarane vil reinvestera mottekne utbytte i nye aksjar. På marknaden finst mange typar aksjefond. Forskjellane ligg i kven som forvaltar dei, og på kva måte (kva mandat fondet har). Forskjellar i mandat blir vanlegvis reflekterte ved kvar fonda kan investera (frå kva for nokre geografiske eller bransjemessige sektorar aksjane blir plukka).

Derivat

Avtale om framtidig finansiell transaksjon til ein pris som er avtalt i dag. Verdien av derivatet blir avleidd av den framtidige prisen på det underliggjande objektet som avtalen gjeld for, til dømes aksje, obligasjon eller valuta. Opsjonar og terminkontraktar er døme på derivat.

Durasjon

Renteinstrument har ein pålydande verdi som blir betalt tilbake til kjøparen ved forfall og rentekupongar som vanlegvis blir betalte til kjøparen på faste tidspunkt gjennom løpetida. Til saman utgjer dette kontantstraumane til instrumentet til kjøparen. Durasjon er den gjennomsnittlege tida det tek før desse kontantstraumane blir mottekne. Kontantstraumane blir vekta med storleiken, slik at tilbakebetalingstidspunktet for pålydande verdi vanlegvis får størst vekt. Det betyr at durasjonen kan betraktast som ei korrigert løpetid for instrumentet. Durasjonen er aldri lenger enn løpetida, og rentekupong gjer at ho vanlegvis er kortare. Durasjonen er dessutan eit mål for kor følsam prisen på instrumentet er for renteendringar.

Finansielle instrument

Omfatta etter verdipapirhandelslova omsettelege verdipapir som aksjar, grunnfondsbevis, obligasjonar og sertifikat. I tillegg kjem mellom anna verdipapirfondsandelar og derivat med verdipapir eller varer som underliggjande.

Finansiell risiko

Det eksisterer ulike typar av finansiell risiko. Definisjonar av typar av finansiell risiko er gitt her;

- Kredittrisiko: Representerer faren for at låntakar, eller motparten i derivatkontrakt, utelèt å innfri forpliktingane sine (konkurs).
- Likviditetsrisiko: Risiko for og ikkje få gjort om plasseringar til kontantar i løpet av ein avgrensa tidsperiode.
- Marknadsrisiko: Representerer risiko for tap eller auka kostnader som følgje av endringar i marknadsprisar (kursendringar) i dei marknadene kommunane er eksponerte i.

- Renterisiko: Representerer risiko for at verdien på lån og plasseringar i renteberande verdier endrar seg når renta endrar seg. Når renta går opp, går marknadsverdien av plasseringar i renteberande verdipapir ned (og motsett).
- Refinansieringsrisiko: Representerer risiko ved at store delar av låneporteføljen forfell innanfor ein avgrensa tidsperiode.
- Motpartsrisiko: Representerer risikoen knytt til at motparten i ein kontrakt ikkje klarer å møta forpliktingane sine.
- Valutarisiko: Representerer risiko for tap som følgje av kursendringar i valutamarknaden.

Finansinstitusjonar

Selskap, føretak eller annan institusjon som driv finansieringsverksemd, med unntak av offentlege kredittinstitusjonar og fond, verdipapirfond, verdipapirføretak m.m. Finansinstitusjon blir brukt som samleomgrep for bankar, finansieringsføretak og forsikringsselskap.

Finansportefølje

Består av gjeldsportefølje og likvide midler.

Framtidig renteavtale (FRA)

Ein FRA er ein forpliktande avtale om sikring av lånerente eller plasseringsrente for ein framtidig renteperiode for eit bestemt beløp.

Indeks

Ein vekta sum av økonomiske/finansielle størrelser. Indeksar blir nytta til å seia noko om utviklinga over tid. Konsumprisindeksar og aksjeindeksar er døme på hyppig nytta indeksar.

Indeksforvaltning

Ein indeksforvaltar skal oppnå om lag same avkastning som ein nærare angitt indeks av aksjar eller obligasjonar. Om desse indeksane er breitt definerte og femnar om store delar av marknaden vil ein med indeksforvaltning oppnå omtrent same avkastning som gjennomsnittet av marknaden.

Instrumentklassar

Ulike typar verdipapir, som til dømes aksjar og obligasjonar.

Marknadsverdi

Verdien av eit aktivum (eller ein heil portefølje) til det gjeldande prisnivået i kapitalmarknaden.

Obligasjon

Renteberande, omsetteleg verdipapir, gjerne lagt ut som eit standardisert lån i ein organisert marknad, med lenger løpetid enn eitt år ved utlegging.

OSEBX:

Hovudindeksen på Oslo Børs, omfattar dei største og mest omsette aksjane på Oslo Børs.

Pengemarknaden

Pengemarknaden blir definert som ein marknad for renteberande fordringar med løpetid inntil eitt år.

Pengemarknadsfond

Rentefond som investerer i renteberande verdipapir med løpetid inntil eit år, dvs. hovudsakleg sertifikat, obligasjonar med under eit års gjenståande løpetid og bankinnskot.

Ratingkategoriar

Ratinginstitutt Standard & Poor's (S & P's) og Moody's investors Service Inc (Moody's) klassifisering av langsiktig gjeld har følgjande nemningar:

Ratingsinstitutt	Svært høg kredittverdighet	Høg kredittverdighet	Spekulativ kredittverdighet	Svært låg kredittverdighet
S&P's	AAA-AA	A-BBB	BB-B	CCC-D
Moody's	Aaa-Aa	A-Baa	Ba-B	Caa-C

Rentebindingstid

Måtalet angir den vekta gjennomsnittlege rentebindingstida på porteføljen. Talet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fasa, med omsyn til alle kontantstraumar (rentebetalingar, avdrag og hovudstol).

Rentebyteavtale (SWAP)

Avtale om byte av to rentebetalingsstraumar i same valuta knytt til høvesvis fast og flytande rente og berekna med referanse til ein felles nominell hovudstol.

Rentesikring

Kan gjerast gjennom FRA-marknaden, swap-marknaden eller ved bruk av ein renteopsjon. I FRA-marknaden kan det gjerast femtidige renteavtalar som sikrar eit rentenivå for ein framtidig periode. I swap-marknaden kan det gjerast avtale om rentebyte kvar det bytes.

Sertifikat

Omsetteleg gjeldsbrev med løpetid på inntil eitt år.

Stresstest

Test for å måla effekten av førehandsdefinerte marknadssjokk. Døme på moglege stresstestscenario er 30 prosents aksjekursfall og 1 prosent renteendring.

Verdipapirfond

Eit fond som er eigd av ein ubestemd krins av personar og kor midlane i det vesentlege er investert i verdipapir. Eit verdipapirfond er ei eiga juridisk eining der publikum blir invitert til å skyta inn kapital gjennom å kjøpa andelar. Verdipapirfondet er direkte eigar av dei verdipapira som fondet investerer i og blir administrert av eit fondsforvaltningsselskap med konsesjon frå Kredittilsynet. Lov om verdipapirfond gir retningslinjer for forvaltning av norsk registrerte verdipapirfond. Lova gir bl.a. retningslinjer for spreining av risiko som er allmenne for alle verdipapirfond.